

# Daggry barnehage



Adresse: Øvregjerdet 18  
6050 VALDERØYA

**Tlf hovudnr: 70182497**

**LERKA: 45973085**

**MÅLTROSTEN: 45973238**

**LINERLA: 45972646**

**SPURVEN: 45972670**

E-post: [post@daggrybarnehage.no](mailto:post@daggrybarnehage.no)

Heimeside: [www.daggrybarnehage.no](http://www.daggrybarnehage.no)

Ein del av innhaldet er passordbeskytta. Alle foreldra har fått utdelt passord. Ta kontakt om du treng det på nytt.

Eigar: Sunnmøre Indremisjon

Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

## Pedagogiske leiarar

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong og Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
- Marthe Hjorth og Emma Nordstrand (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)

# Daggry-posten

Februar 2019

Hei alle saman! ☺

Det er no eit år sidan vi starta å sende ut Daggryposten på e-post istadenfor papir, etter ynskje frå foreldra. No er det kome spørsmål frå nokre foreldre om å få den på papir igjen, og då løyser vi det på den måten at det blir lagt ut nokre eksemplar av Daggryposten i papirformat på kvar avdeling, slik at dei som ynskjer det kan ta kontakt med personalet på avdelinga.



## Tilsyn ved sovning

Vi har fått spørsmål frå foreldre om rutineane våre for tilsyn av barna når dei søv, etter den tragiske hendelsen som har vore oppe i media. Personalet på dei to småbarnsavdelingane har begge «sovevakter», som har kontinuerlig tilsyn med alle barna som søv. (også dei som søv frå store-avd.) Vi har i tillegg babycall i begge vognromma. Og det er sendt ut beskjed til alle foreldre på småbarn at dei må jevnlig sjekke vognene, at både selane og det andre er i orden, og at det passer ettersom barna veks.

## Opptak til neste barnehageår

Det er no lagt ut søknadsskjema for neste barnehageår på kommunen si heimeside, og alle søknader må skje elektronisk. Nytt barnehageår starter 15.aug., det betyr at før den datoen må dei barna som skal slutte ha avvikla sin ferie. Dei som har plass hos oss no, eller dei som har permisjon dette året, treng ikkje søkje på nytt, kun dersom det vert søkt om endra storleik på plass. Søsken av barn som går hos oss er ei av gruppene som har prioritet i opptaket. Søknadsfrist er 1.mars. Det vert samordna opptaksmøte i kommunen for barnehagane 20.mars, og søkjarane får då svar så snart som mulig etter dette.

## Overgang barnehage-skule og frå småbarn til store barns-avdeling

Når det gjeld overgang frå barnehage til skule, så er det fast prosedyre mellom barnehagen og skulen på korleis dette skal foregå. Vi har hatt rektor og avdelingsleiar frå skulen på besøk for å helse på barna, snart er det innskriving, og det blir overgangsmøte mellom barnehagen og skulen. De som har barn som skal over til skulen, har fått utdelt brosjyren der alt dette står.

I tillegg skal vi no utover våren ha meir samarbeid mellom førskulegruppene på dei to store avdelingane. Vi skal legge til rette for felles aktiviteter, og også besøke kvarandre på avdelingane og leike saman, ein voksen med ei gruppe barn om gangen. Dette er eit ledd i tilvenninga til skulen, slik at alle førskulebarna på Daggrøy skal vere godt kjent med kvarandre før dei skal fordelast i klasser på skulen.

Overgang innad i barnehagen har vi også gode prosedyrer på, slik at dei som skal over på stor avdeling skal få bli godt kjent med både dei andre barna på ny avdeling, og dei voksne som skal jobbe der. Når det er klart korleis gruppesamansetninga blir, og samansetning av personalet på kvar avdeling, i mars / april, så starter vi med jevnlege besøk både i leiketida og etterkvart til å ha måltid saman også. Det som avgjer kva avdeling småbarna flytter til, er at det må vere plass til alle som går ilag på samme avdeling no, på den nye avdelinga. Det avheng igjen av kor mange 6-åringar som slutter, og kor mange 3-åringar som treng plass på kvar avdeling. Vi ynskjer ikkje å splitte dei opp, då det blir ein meir utrygg situasjon for dei.

### **Karneval fred. 15.febr**

Karnevalet varer frå kl 10 – ca 12.30. Dersom det er barn som ikkje har barnehagedag, men har lyst å vere med på karnevalet, så kan dei få kome i dette tidsrommet. Det er kun på karnevalet vi gjer det på denne måten, sidan dette er eit litt spesielt arrangement.

Barna kjem ferdig utkledd til barnehagen, men vi ynskjer ikkje noko form for våpen eller skræmande masker i samband med kostymer.

Program for dagen er det ein eigen komité som har ansvaret for, men det blir i allefall litt spesielt både med samling, aktiviteter og mat 😊



**Vinterferien** Dersom nokon veit at dei skal ha fri ein eller fleire dagar i vinterferien, så er det viktig at vi får beskjed. Dette fordi at vi då kan benytte oss og avvikle ferie eller avspasering i personalet, dersom det blir færre barn i barnehagen. NB! Dette er ikkje ei oppfordring til å ta fri, berre om å gje beskjed dersom de likevel har tenkt det 😊

### **OPE HUS i barnehagen onsd. 13.mars kl 17.30 – 19.30**

Det vert loddsalg og matsalg i barnehagen, og det er ope for alle som vil kome. Inntekta går til våre 4 fadderbarn i Etiopia, og til leiker og utstyr til barna i vår barnehage. Pga av veldig trange budsjett, så er det lite pengar til å kjøpe inn det vi treng av leiker og utstyr, derfor ynskjer vi å gje det på denne måten. Då får barna både oppleve at dei hjelper fattige barn, og dei får også noko tilbake i barnehagen.

Vi må no til med førebuingar, og vi ber då alle foreldra gje tombola-gevinstar: 10 stk pr familier med eitt barn og 15 stk pr familie med fleire barn i bhg. Gevinstane skal vere innpakka, barnevenlege, og koste ca 15 kr.  
**Frist for å levere inn er 6.mars**, men vi tek gjerne i mot allereie no. TAKK! ☺

Vi treng også store-gevinstar til lodd på bok, så dersom dei av foreldra som har kontakt med ei bedrift, enten i familien eller gjennom jobben sin, så er vi veldig takknelege om de vil spørje etter sponing av gevinstar til boka. Og dette kan gjerne også vere gevinstar som det er kjekt for voksne også å vinne.  
☺ Tusen takk!

## **OPPLEGG FOR FYSISK AKTIVITET**

Det har vore eit prosjekt i kommunen mellom fysioterapeuter og barnehager, der det er laga eit opplegg med aktiviteter til bruk i barnehagane, og det er tilrettelagt for alle aldersgruppene. Det er enkle øvelser som barna synes er gøy, og som sikrer allsidig stimulering av både fin- og grov-motorikk. Marita Longva er ein av dei som har vore med å utvikle opplegget, og ho har presentert det for oss på personalmøte, og ho har også vore her og demonstrert fleire av aktivitetsskorta både med store og små barn. Veldig kjekt, og stor takk til Marita! ☺  
Vi legg ved ei brosjyre der de kan lese meir om kva opplegget går ut på.

## **FERIE 2019**

Vi vil gjerne vite så snart det er mulig når barna dykkar skal ha ferie i sommar. Reglane er slik at barna i hovudsak skal ta ut 4 veker ferie i løpet av skuleferien, der minst 3 må vere samanhengande. Dei som skal slutte i barnehagen, må ha teke ut all sin ferie innan 14.aug, då deira barnehageår inkl. ferie er slutt. All ferie må takast ut som heile veker, ikkje einskild-dager. Dette er for å sikre at barna får samanhengande fridager slik som vi voksne har, og det er like viktig for både store og små ☺

## **Neste studiedag**

Onsd. 3.april. Då skal personalet på kurs, og barnehagen er stengt.

Med venleg helsing Kari-Lise Nordstrand -  
styrar

